


ØKONOMI- REGLEMENT SANDE KOMMUNE

Vedteke av kommunestyre 12/12-2023



Innhold

1. Generelt om økonomireglementet	2
1.1. Bakgrunn.....	2
1.2. Føremål.....	2
1.3. Årshjul.....	3
2. Økonomisk styring	3
2.1. Budsjett og økonomiplan	4
2.2. Årsrekneskap og årsrapport	5
2.3. Tap på krav	5
2.4. Finansielle måltal	6
2.5. Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker	6
2.6. Myndighet til å gi utlån	7
2.7. Tenesterapportering	7
3. Overordna organisasjonskart	9

1. Generelt om økonomireglementet

1.1. Bakgrunn

Bakgrunn for kommunen sitt økonomireglement er kommunelova - lov av 22.06.2018 nr 83, med tilhørende forskrifter innanfor budsjett, rekneskap, finans- og gjeldsforvaltning, kommunale garantiar, utrekning av sjølvkost og rapportering:

- Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv – jf. kommunelova kap. 14
- Forskrift om finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner – jf. kommunelova § 14-13
- Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier – jf. kommunelova § 14-19
- Forskrift om utregning av selvkost – jf. kommunelova § 15-1
- Forskrift om rapportering fra kommuner og fylkeskommuner – jf. kommunelova § 16-1

Reglane er hovudsakleg overordna og rammeprega, og det er difor naudsynt for den enkelte kommune å fastsetje meir detaljerte reglar innanfor økonomiområdet. Dette vil gå fram i kommunen sitt eige økonomireglement, jf. kommunelova § 14-2 punkt. d.

1.2. Føremål

Føremålet med økonomireglementet er å:

- Sikre at kommunen si økonomiforvaltning vert utført i samsvar med gjeldande lover og reglar, og i samsvar med kommunestyret sitt vedtak
- Sikre ei effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning i kommunen
- Sikre tilstrekkeleg styringsinformasjon
- Sikre eit godt avgjerdsgrunnlag for dei folkevalde



1.3. Årshjul

Årshjulet angir tidspunkt for utførelse av viktige politiske og administrative oppgaver som er omfatta av dette økonomireglementet.



2. Økonomisk styring

Ny kommunelov som tredde i kraft 01.01.2020 seier følgjande:

«§ 14-2.Kommunestyrets og fylkestingets plikter

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta:

- økonomiplanen og årsbudsjettet
- årsregnskapene og årsberetningene
- finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi
- regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)
- regler for finans- og gjeldsforvaltninga (finansreglement).»

2.1. Budsjett og økonomiplan

I samsvar med kommunelova § 14-3 skal kommunestyret ein gang i året vedta ein rullerande økonomiplan. Økonomiplanen skal omfatte heile kommunen si verksemd og gi ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Økonomiplanen skal ligge til grunn for kommunen sitt budsjettarbeid.

Sande kommunestyre vedtek ein økonomiplan som skal:

- delast i ein del for driftsbudsjett og ein del for investeringsbudsjett
- gjelde for fire år
- vere i balanse og realistisk
- vise handlingsrom og angi hovudtrekk i kommunen sine prioriteringar i perioden
- følge opp og vidareføre satsingsområde som er bestemt i kommuneplanen og sentrale vedtak
- liste opp økonomiske endringar i form av tiltak

Økonomiplanen skal innehalde kommentarar til løyvingane i form behov og premisser på dei områda dette er nødvendig. Det må vere tydeleg kva ein vil oppnå med løyvinga. Utvala skal uttale seg før formannskapet og kommunestyret handsamar saka.

Kommunestyret gjer vedtak om netto driftsrammer per følgjande tenesteområde:

- Kommunedirektør adm. (stabsavdeling)
- Kommunikasjon (stabsavdeling)
- Økonomi (stabsavdeling)
- HR (stabsavdeling)
- Plan og næring (sektor)
- Oppvekst og kultur (sektor)
- Helse og omsorg (sektor)
- Teknisk og landbruk (sektor)

Årsbudsjettet er bindande og utgjer ein sjølvstendig del av den fireårige økonomiplanen, jf. kommunelova § 14-5. Årsbudsjettet skal være realistisk og det skal fastsetjast på grunnlag av dei inntekter og utgifter som kommunen kan forvente i budsjettåret, jf. kommunelova § 14-4.

Årsbudsjettet blir handsama som del av økonomiplanen og skal:

- utgjere år 1 i økonomiplanen og gjelde for eitt år
- danne grunnlag for administrativ detaljering på einingsnivå

Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan i samsvar med Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.:

- Bevilgningsoversikt drift del 1 (§ 5-4, 1. ledd1), jf. overordnede føringer
- Bevilgningsoversikt drift del 2 (§ 5-4, 2. ledd1), jf. nettorammer for kommunen sine tenesteområde
- Bevilgningsoversikt investering del 1 (§ 5-5, 1. ledd1), brutto rammer
- Bevilgningsoversikt investeringer del 2 (§ 5-5, 2. ledd1), brutto rammer per definerte prosjekt

Kommunestyret vedtek gebyr- og avgiftssatsar, i tillegg til eigenbetaling på kommunale tenester i samsvar med gjeldande gebyr- og betalingsregulativ.

2.2. Årsrekneskap og årsrapport

Kommunen skal utarbeide årsrekneskap og årsrapport, jf. kommunelova § 14-6.

Årsregnskapet skal vere avlagt innan 22. februar i året etter rekneskapsåret. Rekneskapen er offentleg frå det tidspunktet det er avlagt.

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide kommunen sin årsrapport og den skal bli avlagt seinast 31. mars året etter rekneskapsåret. Årsrapporten vert handsama ilag med årsrekneskapen.

Kontrollutvalet skal i samsvar med kommunelova § 23-2 og kontrollutvalsforskrifta § 3 uttale seg om kommunen sitt årsrekneskap. Uttalen skal følgje utsendingssaka til formannskap og kommunestyre.

Årsrekneskap og årsrapport skal bli vedteke av kommunestyret senast seks månader etter årets slutt.

I samsvar med kommunelova § 14-3 skal årsrekneskap, årsrapport og revisjonsberetning snarast mogleg og seinast 30 dagar etter kommunestyrevedtak sendast til departementet (statsforvaltaren) og Statistisk sentralbyrå. Ved oversending skal også kontrollutvalet sin uttale, formannskapet si innstilling og kommunestyret sitt vedtak leggjast ved.

Øyremerka midlar til kommunen i form av tilskot, gåver og liknande og kan ikkje disponerast fritt. Unytta midlar ved årsskifte skal setjast av til bundne driftsfond. Unytta midlar frå sjølvkostområda vert også sett av til bundne sjølvkostfond.

2.3. Tap på krav

I samband med årsavslutning vil økonomiavdelinga gå gjennom uteståande restansar per 31.12, og vurdere tap på krav. Restansar eldre enn 12 månadar på kommunale eigedomsavgifter vert normalt vurdert som usikre krav. For andre krav gjeld dette for restansar eldre enn 6 månadar. Skilnaden kjem av at kommunale krav har betre sikring gjennom legalpantordninga. Usikre krav vert tapsført i driftsrekneskapen. Dette er ei rekneskapsteknisk føring, og hindrar ikkje vidare innkrevjing. Innkrevjing av krav er avhengig av tvangsgrunnlaget og om det er kostnadseffektivt å halde fram med innkrevjinga. Konstaterte tap, der kommunen sine krav overfor debitor ikkje lenger er til stades, skal slettast.

Økonomileiar har fullmakt til å avskrive fordringar inntil kr 5000 per debitor dersom vidare innkrevjing vert vurdert som ufordelaktig. Kommunedirektør har fullmakt til å avskrive uinndrivelege fordringar på inntil kr 20 000 per debitor. Fullmakter utover desse beløpsgrensene er lagt til formannskapet.

Etter at inkasso er prøvd, skal krav konstaterast som tapt og avskrivast når:

- konkurs- og dødsbuhandsaming er avslutta
- akkord er stadfesta
- kravet er forelda

- utleggsforretning ikkje har ført fram
- ved rettskraftig dom
- gjeld vert ettergjeve (utanomrettsleg gjeldsordning eller gjeldsordning etter gjeldsordningslova)

2.4. Finansielle måltal

Kommunestyret skal ved handsaming av økonomiplanen fastsetje finansielle mål for den langsiktige styringa av kommunen sin økonomi, jf. kommunelova §14-2.

2.5. Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker

Årsbudsjettet er bindande for kommunestyret og underordna organ i samsvar med kommunelova §14-5. Kommunestyret vedtek årsbudsjettet som netto rammer per sektor/tenesteområde.

Kommunedirektøren har fullmakt til å fordele netto driftsrammer per eining på gjeldande konteringsdimensjonar. Kommunedirektøren har løyve til å gjere budsjett-tekniske endringar i driftsbudsjettet, samt endringar som ikkje er av prinsipiell verdi. Døme på dette kan vere refusjon sjukelønn, meirverdiavgift (kostnad/inntekt), fordeling pensjonskostnadar/inntekt, fordeling avsett lønnsvekst, avskrivningar og liknande. I tillegg omfattar dette refusjonar/tilskot der det er direkte samanheng mellom kostanden og inntekta som kjem inn. Kommunestyret skal vedta endringar i driftsbudsjettet for vesentlege meirinntekter, og som ikkje kommunedirektøren har fullmakt til å disponera. Kommunestyret skal elles gjere vedtak om budsjettendringar som gjeld:

- Endringar i frie inntekter (skatt og rammetilskot)
- Endringar i finansutgifter
- Endringar i avsetjingar og bruk av ubundne fond
- Endringar som vedkjem finansiering av investeringsbudsjettet

Kommunedirektøren har fullmakt til å setje av og bruke av bundne driftsfond, i tråd med formål og vilkår for tildelinga, medrekna statlege øyremerka tilskot. Netto avsetjing til og bruk av bundne fond skal gå fram av driftsbudsjettet. Endringar utover vedteke nettorammer i Bevilgningsoversikt drift del 2 skal vedtakast av kommunestyret. Endringar innanfor netto driftsbudsjetttramme kan endrast administrativt i tråd med delegerte fullmakter så lenge dei ikkje er i strid med forutsetningar som ligg til grunn for kommunestyret sitt budsjettvedtak.

Kommunestyret vedtek eit investeringsbudsjett med finansiering i samsvar med Bevilgningsoversikt investering del 1 og 2. Dersom prosjektrapportering gjennom året viser avvik mot budsjetterte inntekter

og/eller utgifter, gir det grunnlag til å foreta budsjettjusteringar. Endringar utover vedtekne bruttorammer per prosjekt skal handsamast av kommunestyret.

Kvart år skal det leggjast fram ei sak for kommunestyret om rebudsjettering av investeringsbudsjett for gjeldande år. Denne saka skal leggjast fram etter at rekneskapen for siste år er revidert og avslutta.

Budsjettendringar skal normalt skje i samband med tertialrapportering til kommunestyret. Dersom det i løpet av året skjer endringar i føresetnadane for budsjettet, skal kommunedirektøren så langt som råd, og utan at det er i strid med kommunestyret sine mål og resultatkrav, finne dekning innanfor same rammeområde.

Er dei endra føresetnadane av ein slik karakter at kommunedirektøren ikkje kan finne slik dekning, må forslag om inndecking leggjast fram for kommunestyret. Om nye tiltak vert lagt fram for kommunestyret utan den ordinære budsjetthandsaminga, skal tiltaket vere forsvarleg greia ut med oversikt over økonomiske konsekvensar og forlag til budsjettdekning. Det skal også gjerast greie for eventuelle økonomiske konsekvensar utover inneverande budsjettår. Kommunestyret skal endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle krav om realisme og balanse. All handsaming om budsjettendring må skje innan utgangen av gjeldande budsjettår.

2.6. Myndigheit til å gi utlån

Med utlån siktast det til både til utlån av egne midlar og til utlån finansiert med lån (vidareutlån).
Kommunedirektør har fullmakt til å gi utlån innanfor rammene som er vedtatt av kommunestyret.

Sande kommune kan betale ut forskot på spelemidlar til lag og organisasjonar som har fått godkjent spelemiddelsøknad. Kommunen kan utbetale godkjent søknadssum i spelemiddelsøknaden avgrensa inntil kroner 1.000.000,-. Høgare beløp kan vurderast særskilt, etter søknad. Lag og organisasjonar som ynskjer å få spelemidlar forskottert sender søknad om dette til kommunen. Kommunen innarbeider dette i budsjettet gjennom ordinær budsjettprosess eller i tertialrapport. Kommunedirektøren skal sikre rask utbetaling av spelemidlar, dette for å oppnå så lave renteutgifter som mogleg for kommunen.

2.7. Tenesterapportering

I samsvar kommunelova § 14-5 skal kommunedirektøren minst to gongar i året rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter, sett i forhold til vedtatt årsbudsjett.

I Sande kommune skal sektorleiarar, stabsleiarar og einingsleiarar rapportere om tenesteproduksjon, økonomisk status og sjukefråvær kvart tertial – per 30.04 og 31.08. For siste tertial vert denne rapporteringa i samband med årsavslutning og årsrapport. Tertialrapportane skal vise budsjettforbruket så langt i året, samt prognose for resten av året (forventa årsresultat). Tertialrapportane skal leggest fram for formannskapet og kommunestyret. Hovudføremålet er å synleggjere framdrift og om det vil vere budsjettmessig dekning ved årsslutt. Dersom det blir rapportert om vesentlege avvik, skal det leggest fram forslag om korrigerande tiltak eller budsjettkorrigering. Tiltaka skal skildrast med eventuelle konsekvensar dette vil ha for tenestilbodet til innbyggjarane, eventuelle verknader for tilsette og økonomiske konsekvensar for kommunen.

Kommunedirektøren skal i rapportere til formannskapet om den økonomiske stoda annankvar månad med unntak av juni, dvs. for februar og oktober utanom tertial- og årsrapportering.

3. Overordna organisasjonskart

